



Hardanger og Voss Museum  
5778 UTNE

Dato: 27.08.2015  
Vår ref.: 2014/24253-107  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## **Underretting om tildeling av tilskot - Opne søknader 2015 Jubileumsgåve til Kunsthuset Kabuso - tilskot til flygel**

Det vert vist til dykker søknad om Jubileumsgåve til Kunsthuset Kabuso – tilskot til flygel.

Hordaland fylkeskommune, Fylkesutvalet, handsama søknaden dykker på møte den 18.06.2015, sak 164/15. Det vart vedteke å tildele dykk **kr 150.000,-** i tilskot til flygel.

Opne søknader som kjem inn til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga og som ikkje er retta mot ei spesiell søknadsordning vert vanlegvis samla opp og handsama i samlesak ved avslutninga på kvart semester.

### **Grunngjeving**

Ved vurdering av søknadane vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølgje):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Det er tilrådd stønad til prosjekt som fylkesrådmannen meiner har eit regionalt perspektiv og betydning og som står opp under visjonen for Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk slik den er vedteken i Regional kulturplan – Premiss: Kultur.

For nærmare informasjon og grunngjeving vert det vist til vedlagt saksframlegg og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak.

### **Utbetaling**

**Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.**

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015.

Dette kan gjerast på to måtar:

For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.

For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

*Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

*Link til brukarrettleiring* <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarrettleiring%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2014/24253-107

Ressursnummer: 400005

Beløp: kr 150.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnadar:

- Tilskotet skal nyttast som skilda i søknaden.
- Tilsegnsmottakar skal rapportere i samsvar med pkt. 5 under og medverke til eventuell kontroll jfr. pkt. 6.
- Dersom det skal gjennomførast arrangement som krev billett må tilsegnsmottakar akseptere og nytte ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjera at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

### Rapportering /rekneskap

Tilsegnsmottakar skal varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar knytt til planar og gjennomføring.

Rapport med eit enkelt rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, når tiltaket/prosjektet er avslutta og seinast innan 6 månader etter prosjektslutt. At rapportering er gjennomført vil mellom annan vera eit vesentleg omsyn ved vurderinga av eventuelle seinare søkerad.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegnet. Tilskotsmottakar plikter å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor opplysningar/dokument som dei finn påkrevd for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

### Brot på vilkåra

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen.

Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis.

Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

**Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Ronny B Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Tone Stedal Haugland

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*